

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 05.11.2020

Mark Taylor(MDG) sette fram på vegne av MDG og U slikt forslag:

"Alternativ:

2. a. Vestland fylkeskommune ynskjer med dette programmet å utvikle og styre eit større tal prosjekt saman med sjømatprodusentane, kommunane og statlege forvaltingsorgan. Vestland fylkeskommune vil støtte opp om og skal vera ein pådrivar for ei berekraftig sjømatsnæring der målet på sikt er full utnytting av avfallsressursane, null rømming, null utslepp, null lakselus, og auka bruk av berekraftig fôr. "

Mark Taylor(MDG) sette fram slikt forslag:

"Alternativ:

2. b. Vestland fylkeskommune vil styre oppdrettsnæringa i retning av berekraftig teknologi som flytande lukka anlegg slik at alle opne oppdrettsanlegg skal gjerast lukka innan 2025. "

Thorbjørn Vareide (A) sette fram på vegne av A, SP, SV, V, MDG, KrF slikt forslag:

"Alternativ:

1. Vestland fylkeskommune tek leiinga i utvikling av eit tiårig program som skal sikre ei berekraftig utvikling av sjømatnæringane i Vestland.
2. Vestland fylkeskommune ynskjer med dette programmet å utvikle og styre eit større tal prosjekt saman med sjømatprodusentane, kommunane og statlege forvaltingsorgan. Vestland fylkeskommune vil støtte opp om og skal vera ein pådrivar for ei berekraftig vekst av sjømatsnæringa der målet er auka matproduksjon og arbeidsplasser langs kysten i Vestland. På sikt er målet full utnytting av avfallsressursane, null rømming, reduksjon i lakselus og auka bruk av berekraftig fôr.
3. Fylkesutvalet bed særskilt om at problemstillingar knytt til areal og kompetanseutvikling i kommunane til næringsføremål i sjø vert prioritert, saman med tiltak som bidreg til at heile fylket kjem over i grøn sone innan trafikklijossystemet. Vidare er utvikling av fiskerihammene viktig infrastruktur i sjømatsatsinga, og bør ha prioritet.
4. Fylkesutvalet størt det vidare arbeid med programmet, og ber om at det vert arbeidd med å finne varig finansiering for satsinga. Her kan mellom anna havbruksfondet vera ein naturleg finansieringskjelde. "

Avrøyting

Det var 14 representantar til stades.

Taylor sitt forslag 2a fekk 2 røyster (MDG, U) mot 12 røyster og fall.

Taylor sitt forslag 2b fekk 1 røyst (MDG) mot 13 røyster og fall.

Vareide sitt forslag vart samsrøytes vedteke mot fylkesdirektør for inovasjon og næringsutvikling sitt forslag.

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune tek leiinga i utvikling av eit tiårig program som skal sikre ei berekraftig utvikling av sjømatnæringane i Vestland.
2. Vestland fylkeskommune ynskjer med dette programmet å utvikle og styre eit større tal prosjekt saman med sjømatprodusentane, kommunane og statlege forvaltingsorgan. Vestland fylkeskommune vil støtte opp om og skal vera ein pådrivar for ei berekraftig vekst av sjømatsnæringa der målet er auka matproduksjon og arbeidsplasser langs kysten i Vestland. På sikt er målet full utnytting av avfallsressursane, null rømming, reduksjon i lakselus og auka bruk av berekraftig fôr.
3. Fylkesutvalet bed særskilt om at problemstillingar knytt til areal og kompetanseutvikling i kommunane til næringsføremål i sjø vert prioritert, saman med tiltak som bidreg til at heile

fylket kjem over i grøn sone innan trafikklijossystemet. Vidare er utvikling av fiskerihamnene viktig infrastruktur i sjømatsatsinga, og bør ha prioritet.

4. Fylkesutvalet står det vidare arbeid med programmet, og ber om at det vert arbeidd med å finne varig finansiering for satsinga. Her kan mellom anna havbruksfondet vera ein naturleg finansieringskjelde.